Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2014

PARTIET SI PRIORITERING

Vi er nå inne i den nye årsplanen. Årsplanen fastset hovedoppgåva for partiet fram til jul til å vera proletariseringa med rekrutteringskampanja som det viktigaste. Denne hovedoppgåva står urokka. SKAU har vedteke at streikestøttearbeidet er partiet si viktigaste eksterne oppgåve, og at vi nå kaste større krefter inn i streikestøtta. Vi viser til ekstraordinært direktiv til alle avdelinger og grupper som gjekk ut for ca. 1 månad siden. Vi stadfester:

1) Alle lag og arbeidsgrupper av partiet skal opprette streikestøttekomitear.

2) Av dei kampane som går nå, er skattestreiken blant småbøndene den viktigaste for partiet.

Vi vil vidare slå fast at alle oppgåvene i årsplanen skal gjennomførast. For hausten tyder det i tillegg til rekruttering og streikestøttearbeid:

- Landsmøtediskusjon om vedtektene (vedlegg til TF for oktober)
÷ alle medlemmar skal studere "Den proletariske revolusjonen og renegaten Kautsky"
- lagsdiskusjon om sikringsinstruks (vedlegg til TF for november)
- vervekampanja til Klassekampen
- vervekampanja til Raude Fane
- rotasjonsinnsamlinga

DIREKTIV: Alle lag og grupper skal rapportere til OU når opprettin av streikestøttekomiteer er gjort.

STREIKESTØTTEARBEIDET PÅ ARBEIDSPLASSANE

1) Alle lag, grupper og einskildmedlemmar skal legge stor vekt på å få fram politisk og økonomisk støtte til streikane i fagforeninger og klubber.

2) LO sine vedtekter har ein fraksjonsparagraf som kan ramme opprettíng av streikestøttekomitear. Dette må vi unngå.

3) Det er vanligvis ikkje forbudt å drive listeinnsamling på arbeidsplassane, og på dei fleste arbeidsplassar er det tillatt å dele ut løpesetlar inne eller utafor. Og uformelle samankomster av arbeidarar utafor arbeidstida er ikkje forbudt.
LO sine vedtekter må ikkje hindre partiet i å mobilisere uorganiserte rundt seg i streikestøttearbeid.

4) Om naudsynt går det an å trekke uorganiserte med i streikestøttearbeid i bustadområdet.

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2014

AKSJONSDAG FOR HAMMERVERK 7.OKTOBER

Rettssaka starter 7. oktober, og det politiske presset er avgjerande for utfallet av saka. Denne dagen skal vi over heile landet kraftig markere støtta til hammerverkarbeidarane. Samstundes er dette ein utmerka måte å sparke nye streikestøttekomitear i sving.

DIREKTIV: Alle lag og grupper skal gjennom streikestøttekomitear markere dagen. Minimum er standsing og løpesetelutdeling på bedriftene. Åpne møte er utmerka, og demonstrasjonar skal haldast der det er grebudd.

UNGDOMSLEIARKAMPANJA

1) DS skal sikre at alle partiavdelingar set med ungdomsleiar i RU, slik at kameratene er i arbeid før jul. Ungdomsleiarane skal arbeide etter den instruksen som er lagt ved Organisatorn. Unntak frå direktivet må drøftast med OU.

2) DS skal før jul halde konferanse med alle ungdomsleiarane i sitt distrikt. Konferansen skal drøfte:

- artikkel i TF for november om ungdommen si rolle
- instruksjon om ungdomsleiarane sitt arbeid (Organisatorn)

KVINNEFRONTEN

1) DS er ansvarlig for å sikre politisk og organisatorisk distriktskonferansane i Kvinnefronten i oktober. Konferansane skal behandle:

- Politisk beretning. ML-målsettingene er å ta kamp på at fronten må rette seg inn på arbeiderkvinnene, må slåss mot kapital og imperialismen – starte den grunnleggende kampen mot kvinnesekterismen.
- Vedtekter. ML-målsetting å avvise flat organisering som revisjonisme, slåss for enhet på sterk organisering av fronten, fordi det er det eneste som sikrer både demokrati og slagkraft.
- Nominering av Landsutvalgsmedlemmer. Idealt er proletar med godt klassestandpunkt, står på linja, sjølstendig og ledende i fronten. Personen kan være symp eller medlem alt etter ledende stilling i fronten og avdelingas styrke. Fra skal en av de to være medlem.

2) DS skal sikre at alle Kvinneutvalg, alle fraksjoner i Kvinnefronten og alle som leder landsmøteforberedelsene lokalt gjennomfører studier på de artiklene som kommer i "Hva-må-gjøres"-spalta i KF i oktober. Studieopplegg er trykt i TF for oktober.

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2014

RAPPORTDIREKTIV OM ØKONOMIARBEIDET I DS

1) Har DS økonomiansvarlig i arbeidsutvalet? Kva gjer kameraten utaom å kreve inn kontingenten? Frist er 15/10 - kan gå i posten.

2) DS har rekneskapsplikt overfor SK. Rekenskap for 1.halvår 1975 skal sendast ou med kurer snarast, og seinast 1/11. (Si frå om de ikkje kan organisere kurer.)

3) DS har budsjettplikt. Budsjett for 1.halvår 1976 skal vera klart til overlevering i samband med første rutine etter nyttår.

VERVEKAMPANJA TIL RAUDE FANE

Vi er for utstrakt bruk av gruppeabbonnement av sikringsgrunnar. Bruk fleire gruppeabbonnement på same plassen, slik at det blir vanskelegare å kartlegge. Alle medlemmar skal abbonnere på RF.

UTMELDINGER AV PARTIET

Ågot Hamre og Torbjørn Lindseth er utmeldt av partiet (sjå eit nokså nytt nummer av TF om utmeldingene). Dei skal ikkje handsamast som fiendar av partiet - alle interne opplysninger skal haldast unna dei. DS kan gjera dette kjend for DS i Raud Ungdom og NKS og eventuelt andre partimeldemmar som DS meiner bør vita det. NB - dette skal ikkje stå på trykk i noko internblad eller styreskriv.

VEDLEGG:

1) Kvinnebulletinen - til DS
2) Instruks om kandidatordninga i partiet - til alle avdelingsstyrer. (Si frå om de ikkje fekk nok.)
3. Instruks om ungdomsleiaran sitt arbeid - til alle avd.styrer